



Seljord anno 1935

– Per Anders Buen Garnås –





Denne CD-en er eit resultat av at plateselskapet ta:lik sette opp platekontrakt som premie til den som vann A-klassa på hardingfele under landskappleiken 2010. I og med at landskappleiken for fyrste gong skulle arrangerast i Seljord i 2011, oppmoda ta:lik meg til å finne eit tema knytt til denne bygda, sidan me skulle sleppe CD-en under dette arrangementet.

Spelemenn har reist mykje både innan og utanfor fylkesgrensene, og nokon har også flutt frå bygd til bygd. Med desse har slåttane vandra på kryss og tvers, slik at det etter nokre hundreår med vandring er mest umogleg å nøste heilt opp kvar den eigentlege oppkoma ligg. Ein må godt utpå 1900-talet før ein verkeleg kan byrje å slå fast opphavet til slåttar. Dei eldre slåttane må ein vera særdeles forsiktig med å gjera hevd på, eller hevde at har utspringet sitt hjå ein spesiell spelemann. Når slåttane vandrar på denne måten endrar ofte både namn og sogene til slåttane seg, og dei blir også krediterte ulike opphavsmenn ettersom kvar dei hamnar. Vidare kan det av og til også vera vanskeleg å slå fast kva som er til dømes «Seljordspel» eller «Bøheringspel». I periodar kan det vera mange gode spelemenn innanfor ei og same bygd. Til trass for at desse høyrer heime på same stad, er dei ofte individualistar med ulike uttrykk og inspirasjon frå mange kantar. Slike bygder er likevel det ein trygt kan kalle kjerneområde for slåttespel. Desse kjerneområda flyttar seg etter individ som evnar begeistre, og det kan difor variere frå epoke til epoke kvar desse ligg. Slik sett er det ikkje tvil om at Seljord har vore eit av desse kjerneområda i fleire hundreår.

Difor har eg på denne CD-en tenkt meg å gjera ei slags tidsreise til ein av dei epokane der det krydde av gode spelemenn i Seljord. I dagens samfunn har me eit enormt føremun med det at me lett får moglegheita til å høyre opptak med spelemenn som levde for kring 100 år sidan og framover. Slik er det enklare for oss å danne eit bilete av korleis dei gode spelemennene før vår tid spela enn det var for spelemennene frå den tida dei fyrste opptaka blei gjort. På grunnlag av dette bestemte meg for å velja eit spesifikt årstal der det var flust av gode spelemenn å oppdrive innanfor Seljord kommune. Året 1935 lyste raskt opp som det gylne årstalet for produksjonen. Det året var nemleg 46 år gamle *Eilev Smedal* heime frå USA for siste gong. Hans elev og beundrar *Eivind Mo* var 31 år, og hadde vore gift med seljordsjenta Tone Li i 4 år. Eivinds onkel, *Høye Kvåle*, var 56 år. Det same var sambygdingen *Kjetil Flatin*. Dei var båe framleis i sine beste år som spelemenn. Ein trea jamaldring, *Harald Manheim*, levde enda eitt år – og sonen *Gudmund* var 17. Den 10 år yngre broren, *Magne*, var nok ikkje særskilt spelefør ennå, men spelemannsspira hadde allereie vore på føtene nokre år. Guruen *Torkjell Haugerud* var derimot i ein alder av 59 år på sine høgder som spelemann, og hadde teke fatt på sitt enorme arbeide med å lydfeste det store repertoaret sitt.

Sjølvsagt var det også ein del andre spelemenn ein kunne nemne. Men desse er dei eg har lete meg inspirere mest av og lagt best merke til frå denne epoken. For at produksjonen ikkje skulle bli for omfattande valde eg meg ut året 1935, med desse kjeldene som eit naturleg utgangspunkt.

Eivind Mo er den einaste av desse eg har lært direkte av. Slåttane etter dei andre er lært etter opptak.

Tradisjonane i Seljord

For meg som bøhering er det ikkje eit særleg stort sprang å skulle legge meg etter dei nemnde spelemennene frå Seljord, da spelet i Bø og Sauherad og spelet i Seljord av naturlege årsaker har sterke band. I mange tilfelle er spelet i desse nabobygdene ein og same sak, om ein ser vekk frå sær individuelle ulikskapar. Men ein kan også trekke klare liner frå Seljord til andre bygder – kanskje fyrst og fremst til Møsstrand og Tinn.

I Seljord, som i alle andre bygder i Telemark, er det nemleg på det jamne storkulturar som sauheringane Møllarguten og Lars Fykerud, møsstrendingane Håvard Gibøen og tinndølen Knut Lurås det blir referert til som opphav for slåttane som blir spela. Men seljordingane har også sine egne dominerande føredøme frå farne tider, som har gjort seg gjeldande langt utanfor heimkommunen. Her må ein særleg nemne Olav Bægjuv, Jon Kjos, Øystein Langedrag og Leiv Sandsdalen. Mange av slåttane på denne produksjonen skriv seg tilbake til desse karane. Her skal eg fortelje litt om tre av desse.

Jon Kjos (1754–1826) kom frå fjellbygda Åmotsdal, som ligg innanfor Seljord kommune. Han var fødd på Kvammen, og skreiv seg fyrst for Jon Kvammen. Men da han var kring 48 år kjøpte han Kjos, og er difor mest kjend under namnet Jon Kjos. Jon var ein del i Tinn, m.a. saman med spelemannen Knut Lurås (1782–1843). Her blei han kalla Jon Vestafe fordi han kom frå vestbygdene i Telemark, og han er difor også kjend under dette namnet. Jon er av dei absolutt eldste spelemennene me veit ein del om i Telemark, og var i si tid det dei kalla stenderspelemann. Dette var eit kongeleg privilegium som medførte at han hadde einereit til å spela i ly og lag i sitt distrikt. Han var kjend for å bygge ut små slåttar til storslåttar, og skal ha hatt veldig sterk ljom i fela. Jon var ein viktig lærermeister for m.a. Håvard Gibøen, Øystein Langedrag og Møllarguten. Sistnemnde kom til Jon Kjos som liten hjuringgut og uttala seinare at kjoseslåttane er verdte gull. Rikard Berge skreiv dette: «Kjoseslåttane er dei lengste og emnerikaste i si tid, og dei stod alltid for Myllaren som mynster på gamalt, godt spel.» Nemnast kan også det at springarane etter Jon Kjos inneheld utprega mykje ristetak. Kjende slåttar som skriv seg tilbake til Jon, og som ikkje er med på denne CD-en, er m.a.: «Skuldalsbruri», «Guro Heddeli» («Sollikrokkan»), «Kvamsvogga», «Frå morgon til kveld», «Jon Vestafe» og «Floketjonn» («Kjosjasen»).

Øystein Langedrag (1785–1848) var fødd på Langedrag under Kovadalen i Seljord, der faren Olav Jonson og mora Signe Andresdatter budde den tida. Etter ei tid flutte dei til ein liten plass ved Sanda i Øvre Bø, som også heiter Langedrag. I dag ligg dette området innanfor Bø, men på hans tid låg det under Seljord. Ein kunne lett tru at Langedragane tok med seg namnet frå den eine til den andre plassen, men i folketeljingane frå 1782 er både Langedrag under Sanda og Kovadalen (Raudberg i 1782) nemnde. Difor var det to plassar med dette namnet innanfor datidas Seljord allereie før Øystein blei fødd. Foreldra til Øystein er dei fyrste me veit budde på Langedrag i dagens Seljord, sjølv om plassen truleg blei ruddt nokre år tidlegare. Både far og bestefar til Øystein var spelemenn. Slik hadde han ein familietradisjon å ta vare på. I same området som Langedrag i Øvre Bø budde spelemannen Olav R. Soterud (1782–1828). Han og Øystein spela mykje i lag. Langedrag og Soterud ligg på kvar si side av Bøelva, og desse to sat stundom og spela for kvarande over elvebrusen. Jon Kjos var ein viktig lærermeister for Øystein, og samveret med den gode venen og jamaldringen Knut Lurås gav også frukter. Dei to spela mellom anna i lag i tre dagar på Lomodden i Seljord. Den eine sat i sengeskaret, og den andre i ein stol. Etterkvart følgdes dei så godt at det høyrdes ut som det var berre éin som spela. Elles veit me at han lærde av Gunnar Grjotnes (1748–1826) i Fjågesund og Tov Kristianson (f. kring 1750) frå Kviteseid. Øystein lærde seg også å spela fiolin etter notar da han var i militærmusikken i København. Han var ute i ufreden i heile 7 år. Her lærde han m.a. marsjar, og han skal difor vera den fyrste i Telemark som tok i bruk bruremarsjar. Øystein gifta seg med Tone Leivsdotter, og i gjestebodet deira var det Olav Soterud som var spelemann. Da Olav skulle spela folk til kyrkjens sa han: «Eg kan nå ikkje dei marsane du kan, eg, Øystein; men eg skal gjera det beste eg kan.» Frå gamalt av var det bruregangarar som blei nytta i slike høve. Øystein er også omtala som ein god snikkar og tømmermann, og ein meister i treskurd. Difor reiste han mykje både i arbeid og som spelemann, og lytta og lærde der han fór. Øystein med familie flutte ein del frå plass til plass eit bel, før dei til slutt enda opp på Sandsdalen i Seljord. Kjende slåttar etter Øystein, som ikkje er med på denne produksjonen, er t.d. «Skarsnuten», «Langedragen 1», «Morgonvandringen» «Langedragen 2», «Bruremarsj frå Seljord» og «Kivlemøyane». Ein må også rekne med at mange av slåttane som er nemnde som Sandsdalsslåttar skriv seg tilbake til honom. Øystein Langedrag fekk nokre uvanlege kapasitetar til læregutar. Møllarguten lærde mykje av Øystein heilt frå han var gutunge, og Håvard Gibøen henta også viktig inspirasjon frå honom. Men den viktigaste arvtakaren blei nok likevel sonen, Leiv Sandsdalen.

Leiv Sandsdalen (1825–1896) blei født mens familien budde på Moen i Seljord. Men han tok namnet Sandsdalen etter at familien enda opp på denne garden. Leiv tok godt vare på spelet etter far sin, som la stor gaum på at sonen skulle få dette fullendt. Øystein låg jamvel og spela for Leiv etter han blei sengeliggande mot slutten av leveåra. Etter sigande skal Øystein ha uttala at Leiv aldri kom til å lære å spela. Det gjorde han riktig nok likevel, og det til fulle, sjølv om det blei sagt at han ikkje nådde høgda som spelemann før han var i 60-årsalderen. Etter faren arva Leiv dei rike gåvene både når det gjaldt musikalitet og handlag. Han var vidkjent både som spelemann, felemakar, møbelsnikkar og treskjerar. Sandsdalen var også ein ordkunstnar av rang, og han var oppteken av at sogene skulle haldast i hevd. Kombinasjonen av dette og den store musikaliteten gjorde honom til ein populær konsertspelemann. Felespelet blei slik eit viktig levebrød for Leiv, og han blei difor noko knipen på lære bort mange av glansnummera sine, i frykt for konkurransen på marknaden. Dette hadde nok også samanheng med at han var veldig nøyen på at slåttane skulle vidareførast like korrekt som han sjølv hadde lært dei. Til dømes skal Leiv ha nekta å spela når Lars Fykerud var til stades. I motsetnad til Fykerud var Leiv oppteken av å halde det gamle spelet vedlike. Likevel lever framleis tradisjonen etter Sandsdalen i beste velgåande, da det var flust av gode spelemenn som var interessera i å tileigne seg materialet hans – noko dei greidde på ulike vis. Leiv Sandsdalen var ein kar med kraftig og myndig framtoning, og var høgt respektert både i heimbygda og elles. Da han blei noko oppi åra reiste han også utanfor Telemark, både på Vestlandet og i Oslo. All kunnskapen han sat inne med, samt det mangfaldige talentet han var innehavar av, gjorde honom til ein ruvande kulturpersonlegdom. Kjende slåttar etter honom, utanom dei som er med på denne CD-en, er m.a.: «Sandsdalspringaren», «Sandsdalsgangen», «Elling Münsters trollstemte halling» og «Sandsdalsvrita».

KJELDENE

Torkjell Haugerud (1876–1954) var fødd og oppvoksen i Bø i Telemark. Men da han gifta seg med Bergit Nes i 1903, gifta han seg samtidig til gardane Nes og Nordgarden i Seljord. Difor budde han storparten av livet sitt her. I fødebygda lærde han av gjeve spelemenn. Han hadde også spelemenn i familien. Men fyrst og fremst var Halvor Flatland (1853–1929) ein viktig lærermeister. Halvor var i saman med brørne, Olav og Hans, ein av dei absolutt viktigaste arvtakarane av spelet etter Møllarguten. Flatlandkarane i Bø hadde også ein eigen familiearv å bringe vidare til Torkjell – nemleg spelet etter far deira, Hans Hellos. Torkjell Haugerud blei òg eit viktig bindeledd mellom Langedrag/Sandsdals-tradisjonen og seinare spelemenn. Ein del av det fekk han med seg da han hørde Sandsdalen sjølv. Men han samla òg trådane etter desse særleg via Møllar/Flatland-tradisjonen, og ved å lytte til andre som hadde vore nære innpå Sandsdalen – til dømes svigerfaren Sigurd Nes. Haugerud var grunnleggjande interessert i å hente fram alt stoff av verdi. Han oppsøkte difor mindre profilerte felespelarar, og lærde seg mange slåttar som truleg ikkje hadde overlevd utan at Torkjell greip inn. Døme på dette er slåttane han lærde av Aslak Kleivane i Seljord. Haugerud var ein vidsynt og særdeles lærenæm mann. Han henta spel frå dei fleste kantar av Telemark. Gibø- og Luråsspel lærde han særleg av Kjetil Håvardson og Knut Dahle. Slåttar etter Lars Fykerud hadde han òg på repertoaret sitt. Ein gong sa Lars til Torkjell at: «Her finst ingen i landet som spelar så godt som eg og du.» Torkjell var også interessert i spelet utanfor Telemark. Slik fekk han eit enormt og mangfaldig repertoar. Frå han var liten var han opplært i ei kristen tru, noko som gjorde sitt til at han la mest vekt på det lyriske i spelet, og spela lite og ingenting til dans. Den klassiske og europeiske musikken låg også Torkjell sitt hjarta nær. Han kunne notar, og spela både fiolin og orgel. Difor var han tidleg ute med å skrive ned slåttar. Sjølv om han var oppteken av at slåttane skulle vera formmessig solide, var han også ein meister i å variere. «Du må ikkje bli forondra om takje blir ansless neste gong,» sa han ein gong til Eivind Mo. I det heile var han gjennomsyra av musikalitet. Difor evna han å tilføre nye ting til hardingfelelerepertoaret, gjennom å dikte særst originale slåttar som fort glei inn i tradisjonen. Teknisk hadde han ein makelaus kontroll både på fingrar og boge. Og alle desse evnene, samt hans medvetne forhold til musikken og den kvalitetsbevisste og imponerande framføring av slåttespelet, gjorde honom til ein høvding i si samtid. Slik blei han også ein viktig lærermeister for mange komande storspelemenn.

Harald Manheim (1879–1936) var fødd på garden Manheim på Manheimstrondi i Seljord, der han levde heile sitt liv. Manheimslekta har synt seg å vera ei gåverik slekt, med uhorveleg mange gode utøvarar når det gjeld folkemusikk og –dans heilt fram til i dag. Faren, Egil Eivindson Manheim, var vidgjeten spelemann og blei den fyrste lærermeisteren til Harald. Det heitast at Harald som tiåring krabba igjennom stabbursluggen på Manheim for å få tak i fela til far sin. Det er tydeleg at spelhugen låg latent i guten. Den gamle ferdsevsvegen gjekk over jorda på Manheim, og det var difor mykje folk av alle slag innom garden. Mellom desse var store spelemenn som Håvard Gibøen, Øystein Langedrag, Møllarguten og Leiv Sandsdalen. Sistnemnde arbeidde på Manheim og Egil fekk lære mykje av honom, som han kunne vidareføre til sonen. Difor blei også Harald Manheim ei viktig lenkje i Sandsdalstradisjonen. Elles vanka han ein del i lag med Erik Øverland frå Seljordshei, som var ein spelemann Harald snakka fint om. Det same gjorde han om Lars Fykerud, som nok var av dei som påverka Harald aller mest, utanom det han fekk lære heime. Da Lars kom att frå Amerika i 1898, henta Harald honom heim til Manheim, der han blei i 8 dagar. Påverknad frå bygdene lenger aust fekk Manheimspelemennane seinare også gjennom Gunnulf Borgen på Borgja i Bø, som dei hadde mykje kontakt med. Harald var ein kraftig arbeidskar, og denne krafta gjorde seg også gjeldande i spelet. Spelet hans bar langt, og det heitast at Torkjell Haugerud, på den andre sida av Seljordsvatnet, stundom kunne høyre at Harald sat ute og spela når vinddraget stod rett. Den rike gjevnaden stoppa heldigvis ikkje med Harald. Han fekk 12 born, og tre av sønene blei storspelemenn. Den eldste av dei var Egil Manheim (1904–1941), som diverre gjekk bort alt for tidleg. Men veslebrørne Gudmund (1918–1991) og Magne (1928–1997) bar arven etter honom og faren vidare. Gudmund var i slutten av tenåra da faren døydde, men Magne var berre ein liten gut, og måtte nok lære mest av brørne sine. Likevel voks dei alle opp med ljomen frå fela til Harald, og blei verdige representantar for tradisjonen. Gudmund og Magne er dei det finst opptak med av Manheimane, og er difor mine kjelder for spelet etter Harald Manheim. Gudmund overtok Manheim da Egil døydde, men flytte med huslyden ned til Sanden ved Seljordsvatnet. Derifrå drev han garden, samtidig som han drev Sanden camping. Magne blei tidleg oppdaga som eit musikalsk talent, og fekk høve til å studere musikk. Han flytte difor til Oslo, og budde mesteparten av sitt liv her, mens han levde av å vera både fiolinist og spelemann. Magne flytte heim til Seljord da han gjekk av med pensjon, og blei ei inspirerande kraft i heimkommunen mellom anna ved å starte oppatt Seljord Spelemannslag i lag med brorsonen, Harald Manheim, i 1991.

Høye Kvåle (1879–1967) voks opp i Flatdal, men levde det meste av sitt liv som gardbrukar på Haugen i Seljord. Felespel høyrde han heilt frå han låg i vogga. Faren, Eivind, spela litt fele og mora, Anne, hadde også god kjennskap til slåttemusikken. I ungdomsåra spela han mykje i lag med Smedalsbrørne. Det kan vera grunnen til at ein kan finne ein del fellesnemnarar i spelstlane til Smedølane og Høye. Høye kom også tidleg i kontakt med Kjetil Håvardson på Møssstrond. Elles rakk han å høyre meistrar som Leiv Sandsdalen og Lars Fykerud, og fanga opp ein del av repertoaret sitt av desse. I 1907 var Høye i Amerika. Der lærde han slåttar av utvandrarane Olav Napper frå Fyresdal og Jørgen Bægiuv frå Flatdal, som var son til Olav J. Bægiuv. Jørgen flytte over til USA saman med faren i tenåra. På repertoaret hadde han difor fleire Bægiuvslåttar enn dei fleste. I USA kom Høye også igjen i lag med dei eldste Smedalsbrørne, som hadde emigrera dit. Høye var brennande interessert i spel frå alle kantar, og snappa opp slåttar der han fór. Slik fekk også han eit innhaldsrikt og vidt repertoar, som inneheldt svært sjeldne slåttar og slåtteformer. Fyrst og fremst står han att som eit viktig bindeledd for Gibøspelet etter Kjetil Håvardson. Den særne tonaliteten til Høye er nok sterkt prega mellom anna av denne lina. Stillfaren som han var av natur, spela han ikkje mykje offentleg, og vekte ikkje den oppsikta som han kunne ha gjort. Heldigvis spela han inn ein del slåttar i NRK, og sonen, Olav, gjorde gode opptak med honom. Desse opptaka avspeglar ein spelemann med fin formsans og god tonekjensle. Slåttane han har dikta vitnar også om at Høye Kvåle var ein kar med ein sans og eit talent utover det vanlege.

Kjetil E. Flatin (1879–1960) var født på Flatin i Nordbygdi i Seljord, men kjøpte seinare garden Ramberg like i nærleiken, der han budde største delen av livet. Han laga si eiga fele mens han ennå berre var ein smågut, og spela i bryllaup allereie som 8-åring. Slik synt han tidlege takter både som felemakar og spelemann, og desse to handverka utførte han meisterleg resten av livet. Kjetil var i slekt med både Olav Bægiuv og far og son Langedrag og Sandsdalen. Sistnemnde blei også eit ideal for honom. Men Kjetil førte ikkje berre vidare slåttane hans. Han blei også ein solid konsertspelemann, og opprettheldt den gode formidlingskunsten etter Sandsdalen. Lars Fykerud var også eit stort førebilete for Kjetil, både som formidlar og spelemann, og Kjetil nytta også mange av konsertstykkane hans. Med sitt elegante og fangande spel, og sin fine framferd, var han ein av få i si tid som greidde å leva av felespelet. Han reiste land og strand rundt i Noreg med musikken sin, og frå 1903–1907 var han til og med på spelferdi i USA. Der gjorde han så stor suksess at han blei beden om å koma att til «De norske festligheter» i Fergus Falls, Minnesota – noko han riktig nok takka nei til. I folketeljingane frå 1910 er Minneapolis oppført som Kjetil sin siste bustad i USA. Og i denne tida var også han mykje i lag med dei utflytta

Smedølane, særleg på farmen der Harald Smedal heldt til. Ein kan godt seie at Kjetil Flatin var ein fri spelemann, som tok inn element frå andre stader og frå andre uttrykk. Han lét seg imponere av vossingane Sjur Helgeland og Ola Mosafinn, og gjekk ikkje av vegen for å nytte element frå deira tradisjon i musikken sin. Han var også av lyttande natur, og lærde spel der han vanka. Difor hadde han slåttar etter mange av dei kjende slåttediktarane på repertoaret, og spela desse i personleg utforming. Dynamikken var viktig i spelet til Kjetil, meir utprega enn hjå dei fleste andre, og hans særne stil evna å imponere langt utanfor det heimelege hardingfelepublikumet. Til dømes synt kompositistane Edvard Grieg og Johan Halvorsen honom stor heider ved å setje honom øvst på kvar sine kappleikar på byrjinga av 1900-talet der desse sat blant domsmennene. Dotter til Kjetil, Signe Flatin Neset (1912–1975), blei også god felespelar. Ho var den som førte storparten av spelet hans vidare, saman med ektemannen Leiv Neset (f. 1925), som også er ein av Torkjell Haugerud sine fremste læresveinar.

Eilev Smedal (1889–1938) frå Flatdal var ein av seks brør som alle var gode spelemenn. Dei andre fem var Olav (1871–1941), Greggar (1874–1919), Harald (1876–1936), Gunleik (1878–1948) og Aslak (1883–1913). Far deira var åmotsdølen Aslak Olavson Smedal. Han virka mellom anna som lærar, og tillikes med faren og farfaren var han også kyrkjesongar. Mykje av musikaliteten til sønene kom frå farssida, men mor deira, Gunhild f. Rue, spela fløyte og var også av ei gáverik ætt. Her i landet var det nok Eilev som markera seg absolutt mest av brørne. Det er også honom det er flest opptak av, og han får difor representere familien på denne produksjonen. Det finst fire kjende opptak med Gunleik og, men spelet til dei andre brørne er diverre ikkje for- eviga, det me veit. Diverre døydde mange av dei i altfor ung alder. Eilev spela tidleg inn ein del slåttar på pathefonplater mens han studera kirurgi i Kristiania. Han var allereie da ein markant spelemann. På landskappleiken i 1914 blei han den yngste nokon sinne som fekk 1. premie. Same året utvandra han til Amerika. Her blei han ein omtykt kirurg etter han tok eksamen i faget i 1916. I USA gifta han seg med Etta Henrickson, enkja etter Greggar. Olav, Harald, Greggar og Gunleik hadde allereie budd i Amerika nokre år da Eilev emigrera. også her hadde dei mykje samkvem med meisterspelemenn som vitja landet. Gunleik flytte heim til Noreg etter nokre år for å ta seg av foreldra. Faren døydde i 1911 og i 1912 selde dei Haugstoga, der foreldra budde. Seinare tok Gunleik med seg Eilev, mor Gunhild, syster Signe og kona Tone over til statane. Slik blei heile den gjenlevande delen av familien til slutt samla i USA. Sjølv om Eilev blei borte for nordmennene i mange år, florerer platene hans i tallause heimar, og slik gjorde han framleis sterkt inntrykk på folk. Heldigvis vitja han Noreg to gonger etter han utvandra; fyrst i 1928 og siste gong i 1935. Det var stor stas da Eilev kom heim, og han

la att djupe spor etter seg bae gongene. I 1935 spela han også inn ein del slåttar i NRK. Farmor til Smedølane heitte Signe og var syster til den kjende spelemannen Håvard Gibøen. Dei hadde mange gode spelemenn bak seg i slekta. Ho var god til å tulle slåttar, og dei eldste sonesønene fekk lære ein del av henne. Tillikes med bror sin var ho svært nøyen på at slåttane skulle spelast heilt rett. Slik blei Smedølane tidleg farga av Gibøspelet. Eilev lærde mykje av dei eldre brørne, som rakk å høyre mange av dei tidlegare storspelemennene, til dømes slike som Leiv Sandsdalen og to blad Fykerud – Hans og Lars. Han og brørne lærde også mykje av slektningen Kjetil Håvardson, og fekk meir av Gibødåmen frå honom. Men Eilev blei også sterkt påverka frå andre kantar. Han var ein del i lag med både Torkjell Haugerud, Knut Dahle og tuddølen Svein Løndal. Men fyrst og fremst oppskatta han spelet til Halvor Borgen Uvdal i Bø, og blei veldig påverka av det. Brørne Halvor Borgen Uvdal og Gunnulf Borgen var av dei viktigaste arvtakarane etter Lars Fykerud, og Eilev og dei to hadde mykje sosialt samvere der slåttemusikken var i sentrum. Slik blei Smedalspelet ei smakfull samansmelting av Gibø- og Fykerudspelet, og Eilev utvikla ein høgst personleg og gripande stil. Eivind Mo fortalde at Eilev hadde ein einestående ljom i fela og at han stundom fingra så ein høyrde det small i gripebrettet.

Eivind Mo (1904–1995) var født og oppvoksen på Øvre Mo i Rauland. Både faren, Halvor, og mora, Gunnhild, var interessera i felespel. Gunnhild var syster til Høye Kvåle, og han blei den fyrste lærereisteren til Eivind. I 1931 gifta han seg med seljordsjenta Tone K. Li (1903–1981), som også var god felespelar. Dei busette seg på Tytegrav ved Brunkeberg i Kviteseid, om lag ei mil ovanfor Seljord. Eivind budde altså ikkje i Seljord i 1935, men han vanka også i desse tider mykje saman med sine gode vener og førebilete i Seljord – og var slik ein viktig del av dette spelemannsmiljøet. I 1946 kjøpte Tone og Eivind garden Nordgarden i Seljord – nabogarden til den Nordgarden Torkjell Haugerud åtte. Her budde dei resten av livet, og Eivind virka både som gardbrukar og banksjef i Seljord Sparebank. Torkjell Haugerud hadde høg stjerne hjå Eivind, og blei ein av hans viktigaste lærereistrar. Særleg i ungdommen var Eivind ein aktiv læregut hjå honom. Tone var og spesielt glad i Torkjell Haugerud sitt spel, og han sette også stor pris på henne. Ho og Anne Haugerud (Hoff), dotter til Torkjell, var gode veninner med felles interesser, og dei vanka difor mykje saman. Slik fekk også Tone lære mykje av Torkjell, og Eivind lærde også ein del av Haugerudstoffet gjennom henne. Ein annan viktig spelemann i Eivind sitt liv var den gode kameraten Olav Groven (1895–1929) frå Gøytilsgrend i Lårdal. Olav hadde mange slåttar, m.a. etter Møl- larguten, som han hadde lært av ulike spelemenn i Tokke- og Vinjetraktene. Ein god del av dette var å finne på standardreper- toaret til Eivind. Eilev Smedal var eit førebilete for Olav Groven, og det same blei han til fulle for Eivind Mo. Eilev kom innom

på Øvre Mo i Rauland fyrste gong han var heim frå Amerika i 1928. Og neste gong han var heime, i 1935, reiste Eivind og Eilev på ei triveleg reise gjennom Telemark. Ein annan spelemann, som både Tone og Eivind sette høgt, var Johannes Dahle (1890–1980) frå Tinn. Han og ekteparet Mo hadde mykje kontakt. På same måte som Torkjell Haugerud hausta slåttar av Knut Dahle, nytta Eivind høvet til å tileigne seg slåttar av sonesonen Johannes. Torkjell og Eivind bad også Johannes over til Seljord for at dei skulle få lære noko meir av dette gjæve materialet. Slik blei den gamle, gode kontakten mellom tinnspelemennene og spelemennene i Seljord opprettheldt. Sjølv kom eg til Eivind Mo som 13-åring i 1993, og fekk oppleva honom den siste tida han levde. Da var det særleg desse ovannemnde spelemennene han snakka varmt om, og for meg blei det veldig spesielt og spanande å koma så nærre inn på desse gjennom honom. Eivind var ein gamal mann den tida eg fekk med honom, men var sær s klår i tanken og kunne framleis traktere fela. Han var av kritisk natur, og var oppteken av at ein skulle legge slåttane «i rette låmi», som han sa. Særleg snakka han mykje om slåttane etter Håvard Gibøen og Jon Kjos. Nokre slåttar gjekk me grundig i gjennom, og andre retta han på her og der. Men mest blei det til at eg sat og spela for honom, og han gav tilbakemeldingar attende. Stor stas var det for ein tidleg tenåring å få ting godkjent av den levande legenda. Særleg hugsar eg korleis han la vekt på viktighetta i å kunne variere, og legge noko av seg sjølv i spelet; «Du har ei gudegåve med det at du kan variere,» sa han. Me kom veldig godt overens. Slik blei Eivind ein veldig viktig del av min oppvekst som spelemann, og han har alltid vore eit av mine absolutt største førebilete – noko han har vore for sær mange både samtidige og seinare spelemenn. Slåttane han har laga har også glidd inn i det faste repertoaret til mange av dagens storspelemenn, både i aust og vest. Spelet til Eivind var lag på lag med kvalitet. Det var ei enorm framdrift. Der var ikkje noko tvil. Han stoppa ikkje opp og dvelte. Slåtten måtte heile tida vidare. Dette gjorde at du blei dregen med, og fanga inn i hans fantasi. Det var takande reint og elegant, og i djupet låg heile tida ein inderleg lyrisk undertone som grøtte. Slik stend Eivind Mo att som ein av dei aller ypparste spelemenn på 1900-talet.

SLÅTTANE

1. «Bægjuven», springar i form etter Eivind Mo

Olav Jakobsson Bægjuv var født kring 1830, og budde på ein liten plass under Austgarden ved Flatdal kyrkje som heitte Bægjuv (Bergjuv). Møllarguten sa ein gong om honom at: «Det er fælt til kar til spela denna Bægjuven, du!» Olav er skildra som ein fælende stor kar med stygge arr i andletet etter knivskurdar. Desse skulle han ha fått etter eit kraftig slagsmål. Olav flutte med familien sin til Amerika i 1869, og døydde der. Truleg er dette ein av slåttane Høye Kvåle lærde av sonen til Olav da han var i Amerika. Denne springaren på nedstilt bas er den mest kjende slåtten etter Olav, og Eivind Mo lærde han av morbror Høye.

2. «Igletveiten», springar i form etter Gudmund Manheim

Igletveit er ein liten plass i nærleiken av Manheim. Her budde det ein gong ein spelemann som heitte Olav Igletveit. Olav var ein gong til Håvard Gibøen (1809–1873) på Møststrand for å lære spel. Der fekk han lære denne springaren. Etterkvart måtte han byrje på den lange vandringa heimover. Men da han hadde kome eit godt stykkje på heimveg oppdaga han at han hadde gløymt eit tak i slåtten. Han snudde difor og gjekk tilbake for å friske dette opp att. På grunn av denne ihuga innsatsen for å lære slåtten rett blei han æra med å få slåtten kalla opp etter seg. Olav Igletveit bruka seinare slåtten mykje i ly og lag både i Bø og Seljord. I Seljord blir Igletveiten rekna som ein slått i Sandsdalstradisjon. Men slåtten er nok eldre enn Sandsdalen, og blir elles rekna som Møllarslått.

3. «Moghusfela», gangar i form etter Eilev Smedal

Denne slåtten er kjend i mange former og under fleire namn i Telemark, men òg i andre hardingfeledistrikt – m.a. under namnet «Lea deg, lea deg, gamle Ola». Dette er ein av slåttane Signe Smedal tulla for sonesonene sine, slik ho høyrde han av boren Håvard Gibøen. Slåtten er også nemnt som ein gangar etter Leiv Sandsdalen, noko som tydar på at han blei spela i Seljord også for Smedølane lærde han av bestemor si.

4. «Revefaret», springar i form etter Eivind Mo

Dette er ein slått etter Jon Kjos, og er ei form av Luråsslåtten «Ein god lått». Ofte er denne varianten berre kalla «Springar etter Jon Kjos». Men han er også knytt til ei historie om da Jon fekk has på ein rev som var så fæl til å ta ryper frå snarene som blei sett ut av fangstfolk. Jon Kjos var ein vidkjent veidemann. Det heites at han var i Vindeggen, Brattefjell og Medfjell på ein dag. Det blei utlyst ein skottpremie på tri tylfter ryper til den som skaut denne reven. Jon gjekk difor og prøva å spore han opp, og kom etterkvart over ei snare der han hadde vore. Så følgde han faret etter reven heilt til han kom til ei steinurd der

det låg mykje rypefører og andre restar etter revens festmåltid. Jon sette seg til og venta vel og lenge. Da det tok til å skumre kom reven ut, og Jon fekk skote fugletjuven. Eivind Mo meinte at slåtten er knytt til denne historia fordi han «er noko krokute i faret den òg». Han hadde slåtten etter Høye Kvåle. Eit tak mot slutten av slåtten har eg lært av Gunnar Innleggen (f. 1940) i Bø. Han lærde «Revefaret» av Eivind Mo mange år før meg, og Eivind hadde da med dette taket, noko han ikkje hadde da eg lærde han.

5. «Jondalen», springar i form etter Magne Manheim

Denne springaren går på eit felestille som blir kalla førstemt, og er fyrst og fremst kjend i ei form etter Gibøen. Forma eg spelar her skal vera etter Møllarguten, og har gått gjennom Harald Manheim til sonen Magne. Han er også kjend under namnet «Sigurd Jondalen».

6. «Kvamshallingen» i form etter Eivind Mo

Syster til Jon Kjos blei gift til Tinn, og Jon var ein del på vitjing der. Ein gong blei han heldt narr av fordi han ikkje spela så mange hallingar som tinnølane, men spela mest gangarar og springarar. Dette gjekk noko inn på honom, særhuga som han var. Etter han kom heim la han seg til å sova i løa si – det var truleg ei varm sommarnatt. Da drøymde han at det kom ein svartkledd mann inn og spela denne hallingen for honom. Formmessig kan det høyrast ut som at Eivind Mo har lete seg inspirere av både Johannes K. Dahle og Høye Kvåle i denne slåtten. Dei hadde gode kjelder tilbake til både Håvard Gibøen og Møllarguten, som begge lærde av Jon Kjos .

7. «Kivletone etter Lavrants Østtveiten»

Det er ikkje berre speltradisjonen som har vore rik i Seljord. Kvedinga har også stått sterkt planta, og det har vore mange gode utøvarar på dette feltet. Ein av desse var Lavrants Østtveiten (1899–1979) på Seljordshei, som mellom anna hadde mykje materiale i gamal familietradisjon. Denne visa etter Lavrants heiter eigentleg «Kivlemøyane». Knut Buen spelar denne visetonen etter Lavrants på trollstilt fele, og eg har lært han etter honom. Visetonar blei elles mykje nytta på hardingfele også i Seljord. Særleg var Kjetil Flatin ein eksponent for dette uttrykket.

8. «Heggtveiten», gangar i form etter Kjetil Flatin

Sonen til Leiv Sandsdalen, Sveinung, gifta seg til Heggtveit i Kviteseid. Gjestebodet var på denne garden, og her blei det etterkvart ei veldig god stemning. Etterkvart byrja brudgommen sjølv å tulle ein slått medan han sveiv seg og dansa etter sin eigen song. Akkurat da sat faren og dubba litt av, men kvakk til og spurde: «Kvar har du høyrst den slåtten?» «Jau, det er nå av deg, det!» svara Sveinung. Leiv hadde gløymt slåtten og blei utav seg

av glede da sonen kunne minne honom på han att. Etter endelev å kunna spela slåtten igjen, sa difor Leiv: «Ja, etter denne dag skal han heite Heggtrveiten!» Kjetil Flatin lærde seinare slåtten etter slåttetullinga til Sveinung Heggtrveit.

9. «Nisien», springar i form etter Eilev Smedal

Denne Fykerudslåtten er kalla opp etter spelemannen Jon Nisi (1870–1959) frå Gransherad. Det var Eilev Smedal som gjorde denne forma av slåtten kjend. Andre variantar av slåtten i Telemark er m.a. «Hestekåsbekken», «Lårdalsbrygga», «Stegaruden» og «Flesbergen».

10. «Hjartrud Haugland», gangar i form etter Høye Kvåle

Denne gangaren på nedstilt bas er ein av dei mange slåttane Høye Kvåle lærde av Kjetil Håvardson. Slåtten skal opphavleg vera etter Øystein Lurås, bror til den tidlegare omtala Knut, og er kjend i mange former både i og utanfor Telemark.

11. «Tussen i Vettahaug», gangar i form etter Høye Kvåle

Like ovanfor der Høye Kvåle budde ligg det ein haug som heiter Vettahaug. Høye laga slåtten om tussen i denne haugen som eit svar på «Tussen i Buschmannhaugen» som Torkjell Haugerud dikta kring 1930. Slik hadde Høye og Torkjell kvar sine tussar i kvar sine haugar.

12. «Systerslått», springar i form etter Torkjell Haugerud

Denne systerslått på forstemt fele skriv seg attende til Leiv Sandsdalen og Øystein Langedrag, og er ein annan enn dei tre som som oftast er å høyre under namnet «Systerslåttane» eller «Kivlemøyane».

13. «Langedragen 3», gangar i form etter Torkjell Haugerud

Da Ole Bull skreiv ned slåttar etter Møllarguten skreiv han mellom anna ned tre namnlause gangarar etter Øystein Langedrag. Bull nummerera desse difor til høvesvis Langedragen 1, 2 og 3. Dette smitta over på parallellslåttane i Luråsform, som på same måte blir nemnde som Luråsen 1, 2 og 3. Leiv Sandsdalen skal ha sagt om denne slåtten at: «Så lenge det finst slåttar som blir spela, vil denne slåtten leva etter far.»

14. «Moguten», springar i form etter Kjetil Flatin

Denne springaren var ikkje nytta i større grad i Seljord før Torkjell Haugerud lærde han av Knut Dahle i Tinn. Men da kom han derimot på moten også i denne bygda, og Kjetil Flatin spela han inn på pathefon i ei svært personleg utforming.

15. «Nordmannklubben», gangar i form etter Eivind Mo

Denne gangaren på nedstilt bas skriv seg tilbake til Øystein Langedrag. I Setesdal blir ein variant kalla «Soteroen», noko som kan tyde på at slåtten kan ha vore ein av dei slåttane Øystein og Olav Soterud spela i lag. Det herskar tvil om kvifor denne slåtten har fått namnet sitt. Ei historie går ut på at anten Øystein Langedrag eller Leiv Sandsdalen var til København for å spela for dei norske studentane der, og at spelemannen gjorde særleg stor lukke med denne slåtten. Nordmenn måtte til Danmark for å studere denne tida. Det blei difor danna ein klubb for norske studentar, som blei kalla Nordmannklubben. Ein annan teori er at namnet har samanheng med hestetransport over Hardangervidda. Vestlendingar blei kalla nordmennar i Telemark i gamal tid. Det blei ofte nytta kløvhestar på ferdene over fjellet frå vest til aust. Og av og til batt dei saman desse i ei lang rekke ved å knyte eit tau mellom pannelugg og hale på hestane. Ei slik rekke blei kalla klubb, og denne slåtten skal etter denne teorien skildre eit slikt følgje. Slåtten er elles kjend i andre variantar i Telemark under namna «Siri Rukaren» og «Fillevern». Torkjell Haugerud skal ha lært slåtten etter svigerfar sin, Sigurd Nes, som høyrde Leiv Sandsdalen. Men han skal også ha høyrte ein spelemann på Seljordshoi som heitte Olav Dale tulle denne slåtten. Eivind Mo hadde slåtten etter Torkjell.

16. «Kvålen», springar i form etter Høye Kvåle

Høye Kvåle laga denne springaren, og slåtten blei difor kalla opp etter honom. Akkurat når slåtten blei laga veit me ikkje, men Torkjell Haugerud skreiv han opp etter Høye i 1938, som sjølv spela han inn i NRK i 1939.

17. «Huldrejentas lokketonar», lydarslått i form etter Torkjell Haugerud

Denne lydarslått på trollestilt, som ofte berre blir kalla «Huldrejent», er den fyrste slåtten Torkjell Haugerud laga. I 1897 hadde Torkjell eit lengre opphald i Rauland for å kurere lungesjukdom. Kombinasjonen av kjærleikssorg og naturopplevingar i Rauland skal ha vore inspirasjonen til slåtten. Torkjell fortalde om fleire sterke inntrykk han fekk under dette opphaldet i samband med korleis slåtten blei til. Ein gong såg han ei fin jente i bunad som gjekk og gjette nokre kyr tidleg ein søndagsmorgon etter ei regning natt, mens han gjekk oppe i nokre bjørkekratt. Dette synst han var så fint eit syn, og Torkjell samanlikna denne jenta med ei hulder. Ein annan gong gjekk han i skoddetungt lende oppe ved ei seter på Kromviki på Møsstrand, sjuk og ved dårleg mot. Torkjell synst stemninga var så trolsk, og gjekk inn i selet og byrja å spela. Det skal ha vore da han kom på dei fyrste tonane i slåtten. Men Torkjell skal også ha innrømt at: «Det var nok ei jente med i bildet den gongen eg laga den slåtten.»

INFORMASJONSKJELDER

- Eivind Mo
- Kjell Steinar Brennemo
- Hallvard T. Bjørgum
- Knut Buen
- Erling A. Smedal: «Smedals-brørne og hardingfelemusikken»
- Hæge Manheim og Sigurd Telnes, CD-heftet til TA47CD «Manheimspel»
- Knut Buen, tekstheftet til Haugerudspel 1–5, Buen Kulturverkstad 1992
- Knut Buen, tekstheftet til BKMC 18: «Gamle meisterspelemenn på 78-plater 1V: Eilev Smedal og Kjetil Flatin, hardingfele» 1990
- Knut Buen: CD-heftet til NYCD6 «Seljordsmarsjen»
- Stein Versto: CD-heftet til TA13CD «Eivind Mo, hardingfele»
- Knut Buen: Teksthefte til BKMC67 «Teleonar: Eilev Smedal og Høye Kvåle, hardingfele», 1992
- Asbjørn Storesund: «Høyrer du Tårånn?», biografi om Torkjell Haugerud, Buen Kulturverkstad 1995
- Tov Flatin: «Seljord», bygdesoge for Seljord
- Jon Hvitsand og Olav Kvaalen: «Soga om Myllarguten», eige forlag 1972
- Rikard Berge: «Myllarguten», Ascheougs forlag 1908 / Noregs boklag 1972
- Stian Henneseid: «Bøsoga», bygdesoge for Bø i Telemark
- Ymse folketeljingar, www.digitalarkivet.no

ta:lik

TA85CD ©Talík 2011 info@talik.no www.talik.no



NORSK
KULTURRÅD

Opptaka er gjort i Bø kyrkje. **Innspeling og produsent:** Anders E. Roine
Miksing: Strype audio / Fridtjof A. Lindeman **Mastering:** Strype audio
Tekst: Per Anders Buen Garnås **Engelsk omsetjing:** Laura Ellestad
Foto: Arne Svalastog **Grafikar:** Eva Karlsson **Tilskot:** Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilde og Rådet for folkemusikk- og folkedans
Bilete: Alle foto er tekne på Nes i Seljord, heimgarden til Torkjell Haugerud. Stor takk til Kristoffer og Torkjell Hoff som var eit særst hyggeleg og imøtekomande vertskap på Nes da dei stilte garden til disposisjon for fotografering.



SELJORD ANNO 1935

This CD is a result of the fact that the record label ta:lik awarded a record contract to the winner of the A class in Hardanger fiddle at *Landskappleiken* (Norway's annual national folk music competition) in 2010. Given that *Landskappleiken* is being arranged in Seljord for the first time ever in 2011, ta:lik encouraged me to find a theme linked to this district, since the CD will be released during this event.

Fiddlers have travelled a great deal both within and beyond county lines, and some have also moved from district to district. The tunes have wandered with these fiddlers in all directions, so that after a few centuries of wandering it is impossible to determine where their true source lies. One must go well into the 1900s before one can truly begin to determine the source of tunes. One must take particular care about prescribing a tradition to the older tunes, or asserting that they have their point of origin with one particular fiddler. When the tunes wander in this way, both the names and the stories behind the tunes change, and they also become accredited to different sources depending on where they end up. Furthermore, it can also be difficult to define terms such as “Seljordspel” or “Bøheringspel”. During certain periods there may be many good fiddlers within one and the same district. In spite of the fact that they come from the same area, they are often individualists with different styles and who have drawn inspiration from many places. Such districts are nevertheless what one can safely call core areas for traditional fiddle music. These core areas shift according to the whereabouts of the great fiddlers, and the locations of these areas can therefore vary from epoch to epoch. Seen in this light, there is no doubt that Seljord has been one of these core areas for several centuries.

